

Vaksine mot koronavirus til vaksne



Koronaviruset gjev sjukdom i luftvegane. Mange får ingen eller milde symptom, men nokon blir alvorleg sjuke. Meininga med å vaksinere mot koronavirus er å førebyggje alvorleg sjukdom og død.

Vernet du har oppnådd etter tidlegare vaksinedosar eller etter gjennomgått sjukdom, vil bli svakare over tid. FHI rår difor til at dei som er mest utsette for alvorleg koronasjukdom, tar ein ny dose før vintersesongen 23/24.

Kven blir tilrådd ny dose koronavaksine?

Om du:

- er 65 år eller eldre,
- bur på sjukeheim,
- er mellom 18–64 år og tilhøyrer ei risikogruppe,
- eller er gravid

blir du rådd til å ta ein ny dose med koronavaksine. Med risikogruppe meiner ein personar som har enkelte sjukdomar eller tilstandar som gjev auka risiko for å bli alvorleg sjuk av korona. Er du usikker på om du er i ei risikogruppe, kan du lese meir på [fhi.no](https://www.fhi.no) eller spørje legen din.

Vaksinen er gratis.

Kan ein gje vaksinen samstundes med andre vaksinar?

Ja, ein kan gje koronavaksinen samstundes med vanleg influensavaksine. Ein gjev vaksinane i kvar sin arm.

Kor godt verkar vaksinen?

Vaksinen gjev godt vern mot alvorleg koronasjukdom. Vaksinen vernar ikkje fullstendig mot å bli smitta eller smitte vidare.

Har vaksinen biverknader?

Alle legemiddel og vaksinar kan gje biverknader, men det er ikkje alle som får det. Dei fleste biverknadene oppstår dei første dagane etter vaksinasjon og er oftast milde til moderate og går over etter nokre dagar. Nokon kan få kraftigare symptom. Dei mest vanlege biverknadene er smerte og

heving på stikkstaden, trøytteleik, hovudverk, diaré, muskelsmerter, frysingar, utmatting, leddsmerter og feber. Alvorlege biverknader er sjeldne. Blant sjeldne biverknader er kraftige menstruasjonsblødingar, hjartemuskelbetennelse (myokarditt) og hjarteposebetennelse (perikarditt).

Helsestyresmaktene har kontinuerleg overvaking av moglege biverknader for alle vaksinar.

Kvar kan du vaksinere deg?

Sjå informasjon på nettsida til kommunen din om korleis og kva tid vaksineringa blir gjennomført.

Vil du vite meir?

Spør gjerne legen din, eller anna helsepersonell. Sjå også nettsidene til Folkehelseinstituttet:

<https://www.fhi.no/kvp>



Les meir på
[fhi.no/voksevakinasjon](https://www.fhi.no/voksevakinasjon)